

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt, skal vere med deg heile den tida du er på barnerøntgen.

Når du kjem til barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne.

Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.



leikerommet →

Kva er eit røntgenbilete?

Eit røntgenbilete syner korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser heilt annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta.

Korleis tar ein røntgenbilete?

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der røntgenapparatet står. Røntgenapparat er mykje større enn vanlege fotoapparat.

Tarmen.

Maten vi svelger går gjennom spiserøret og ned i magesekken. Her startar fordøyinga av maten som fortsett heile vegen gjennom tarmen. Det kroppen ikkje treng blir til bæsje som vi kvittar oss med når vi går på do.

Røntgenbilete av tjukktarm

For at vi skal sjå tarmen på røntgenbilete må du få kontrast inn i rompa. Kontrast er flytande som vatn.

Først må du ta av deg buksene og leggje deg på ein benk. Så legg vi eit lite plastrør forsiktig inn i rompeholet. Gjennom plastrøret lar vi kontrast renne inn i tarmen.



Her er benken du ligg på når vi tar bilete av deg.

Det er viktig at du ligg heilt stille når vi tar bileta, slik at dei blir klare og fine. Vi vil fortelje deg når du må ligge stille og når du kan røre deg att.

Når vi har tatt bileta lar vi kontrasten renne ut att og tar vekk plastrøret. Vi seier frå til deg når du er heilt ferdig og kan kle på deg og dra heim.

Informasjon til vaksne →